

759 **5. Vi ser det ikkje før vi trur det!**

760 Den seinaste tida har vi blitt kjent med alvorlege hendingar, -vald i dei relasjonane som
761 skulle vera dei tryggaste vi hadde, - vald mot barn, mot gravide, mot omsorgspersonen til
762 eigne barn. Mange saker med tragisk utfall og med store ringverknader. Og dette er berre
763 toppen av eit isfjell!

764 Det er diverre slik at mange parforhold og familiar er prega av vald av ulikt slag. Fysisk
765 vald, psykisk vald og/eller seksualisert vald. Å leve med redsel i det daglege, pregar
766 både vaksne og barn. Å sjå mor bli slått, er like skadeleg som å bli slått sjølv. Familien som
767 skulle vera ein trygg base for store og små, blir i heimar prega av vald, eit meir lukka miljø
768 som har preg av skam, kontroll og usunne røyndomar. Foreldra som skulle vera
769 tilgjengelege som trygge vaksne, blir utrygge. Dette er vondt, og det kan medføra blant
770 anna psykisk strev.

771 I periodar med ekstra utfordringar knytta til for eksempel dårleg økonomi, sjukdom eller
772 skilsmisse er desse familiare ekstra sårbare. Stort stress kan utløyse ekstra alvorlege
773 valdshandlingar. Korleis gjera noko med det?

- 774 • Personar som oppsøker politiet og som gjev forklaring på korleis dei blir utsett for
775 vald og truslar frå ein anna person, må takast på alvor. Det kan ikkje vera den
776 valdsutsette som må ta ansvar for å halde seg vekke, men valdsutøveren som må få
777 tydelege restriksjonar.
- 778 • Vi må fortsetje å satse på helsetenesta i alle kommunar,- frå jordmor og
779 helsesjukepleiar til barnevern og psykolog. Å bli kjent med korleis familiare, kan
780 skape tillit som gjer at ein kan tørre å søke hjelp når store og små har det vanskeleg.
- 781 • Familievernkontora som er eit gratis lågterskeltilbud med tilbod til par og familiar i
782 strevsame livsfasar må få auka kapasitet. Desse kontora har ansvar for mekling når
783 foreldre skal flytta frå kvarandre, og vil kunne ha ein viktig rolle som hjelp når det er
784 fare for vald. I tillegg har dei blant anna sinnemestringskurs som hjelper mange.
785 Kirkens Familievernkontor melder at alle familievernkontor no ser seg nøydde til å
786 trappe ned tilbod og at dette særleg kan råke distriktskontor. (For Oppland handlar
787 dette om den eine dagen i veka som kontoret er åpent på Gran og på Fagernes) Dette
788 er enno eit eksempel på at tilbodet i distriktet blir utarma.

789 Vald i nære relasjonar gjev sår som varer i generasjonar. Dette må vi ta på alvor! Vi må
790 tørre å tru at vald kan skje i alle samfunnslag. Vi må bry oss og bry oss om!

791 Vi må fortsetje godt arbeid i helsetenesta!

792 Politiet treng styrking og åpning for større vern for dei som er utsette for vald og truslar!

793 Familievernkontora treng auka kapasitet for å kunne vera hjelp for vaksne og barn i
794 krevande tider, - og for å oppdage og forebygge vald!

795 **Innsendt av Senterkvinnene i Oppland**